

KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

FEBRUAR 1987

41. ÅRG




Foto: Siv Anita Bruvik

jorda, for det
er ved Jerusa-
til den store
skal du sver-
r du kan ikke
vitt eller svart.
g eit nei vera
enn det, er av

Ære av menneske - ære av Gud
6 Akta dykk at de ikkje gjer dei
gode gjerningane dykkar for
augo på folk, så dei skal leggja mer-
ke til det. Då får de inga løn hjå Far-
dykkar i himmelen. Når du
dei fattige, så bla... Når du

MATTEUS 6

men frels oss frå det vondre.
(For riket er ditt,
og makta og æra i sitt)

7

(Luk 6,29)
sagt: Auga-
n. "Men
kje imot o-
kk. Om
kinnel, n-
"Vil nok
ta di, så la-
gar nokon
l, fylg han-
eg, og snu
låna av

32-36) Du skal
en din.
ndane
ylgjer
t Far
'et si
g lét
ett-
els-
kk
e?
ar
r
-

"
6,13 De
nyttia i
6,1 23,5
36,23
10,13: 2 7
Matt 9,14

LED OSS IKKE INN

Det mangler et komma, tror jeg. Når vi ber Fadervår og blir litt urolige over denne bønnen, må vi ta med et komma. Hvordan kan Gud friste noen? har mange tenkt når de ber "Led oss ikke inn i fristelse". Det skulle da være unødvendig å be om noe så selvsagt. Gud prøver vel ikke å lure noen vekk fra seg?

Nei, det kan du stole på. Alt Gud gjør, er stadig nye forsøk på å få tak i oss og holde fast på oss. Hold fast på det! Derfor betyr bønnen: Led oss Gud, slik at vi ikke roter oss inn i alle slags fristelser. Vi kan også si det slik: Kjære Gud, led oss trygt forbi alle fristelser som fins i verden.

Men hva er fristelse egentlig? Jo, det er alt som får noen til å glemme Jesus. Når jeg fristes til å bli sint, kan jeg risikere at et annet menneske får kristendommen i vrangstrupen, og slett ikke får lyst til å be. Det samme skjer når jeg er urimelig mot noen, uærlig, narrer noen, svikter, er mistenksom og dømmende. Joda, det er fristelser nok.

Den verste fristelsen er nok likevel bitterheten. Så lett som den sniker seg inn på oss! Så umerkelig biter der seg fast og plutselig har vi bestemt oss for at det mennesket vil jeg aldri mer ha noe med å gjøre. Det er iallfall ikke Gud som ber oss tenke slik. Når det skjer, må du ta fram Fadervår fortest mulig. Når du kommer til denne bønnen "Led oss ikke inn i fristelse", må du stanse, og be den to-tre ganger til. Så kan du si amen. Resten kan du be en annen gang.

Om det hjelper? Javisst. Det er klart det hjelper å be. Du tror vel ikke Jesus lærte oss Fadervår bare for at vi skulle ha litt tungygymnastikk? Ikke slutt å be, da, selv om du har rotet deg inn i mye dumt før fordi fristelsene ble deg for nærgående. Nye dager gir nye muligheter til å unngå fristelser, og heller hjelpe mennesker til å få øye på Jesus fordi det var en eller annen som var villig til å gå hans ærende.

Øyvind Hartberg

Luk 16,13; 1 Kor
6,16 Jes 58,3ff;

- om gudstenesta (5)

Kollektbøna

Nei, nei - dette har ikkje noko med innsamling av pengar å gjera. Det gjeld den korte bøna tidleg i gudstenesta. Den som kjem like etter "Ære vere Gud i det høgste". Den har fått namnet kollektbøn fordi "kollekt" tyder samling.

Denne gongen er det altså ikkje pengar som samlast saman. Det er trådane i gudstenesta som samlast i denne bøna. Dersom du legg merke til orda, vil du sjå at temaet for søndagen ligg gøynt her.

Kvar søndag har sitt særpreg, og kvar søndag har si kollektbøn.

KANO



Har du utstyr for born?

For ei tid sida vart det skipa eit rådgjevingsskontor i Bergen for gravide. Det tek sikte på å yta hjelp til gravide i vanskar, og vil og hjelpa dei etter fødselen. Det har synt seg at kontoret trengst. Dei ønsker og å gje hjelp til kvinner frå distriket rundt Bergen, som til dømes Val dal. Kontoret høyrer til i kjeda av AAN-kontor (Alternativ til abort, Norge).

For å gje fullgod stønad til dei som treng det, ønsker dei ei behaldning av tøy og utstyr til born. Kan hende du har noko å gje dei? Tøyet må vera reint og heilt, sjølvsagt. Om du har barnevogn eller anna utstyr, kjem det også vel med.

Kontorassistenten på Dale, Reidun Takvam, tek imot ting i kontortida. Elles kan prestane ta med i samband med gudstenester eller andre reiser i prestegjeldet.

KANO



AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77



BARNESIDE



Kom og sjå

På teikninga ser du ei kvinne som har møtt Jesus. Vi kan lese om dette i Johs. 4.

Medan Jesus sat og kvilte seg ved bronnen kom det ei kvinne for å henta vatn. Kvinnen kjende ikke Jesus og lurtet sikkert på kven denne mannen var. Som snakka med ho. Ho stjerna snart at det ikke var ein vanleg mann. Han visste jo alt om henne, enda ho aldri hadde møtt han før. Og så sa han at han hadde eit vatn han ville gje menneska. Det var ikke vanleg vatn Jesus tenkte på. Jesus meinte det evigelivet han gjev til alle som trur på Han (v14). Denne kvinnen hadde gjort mykje gale, men Jesus var glad i henne og ville tilgje henne. Jesus er glad i oss og. Han vil hjelpe og tilgje deg og meg og. Til slutt seier Jesus kven han er. Kvinnen vert så glad. Ho lit vasstrukta stå og skundar seg heim, for å fortelja at ho har møtt Jesus. Kom og sjå — seier ho til dei. No vil ho så gjeme at andre og skal få møta Jesus og bli glad i han.

~~~~~

Reidun Skulveit

## OSKEONSDAG

innleier fastetida. I år fell oskeonsdag på 4. mars. Kvifor har dagen fått dette namnet?

I Israel kledde dei seg i gammal tid i sekk og strødde oske på hovudet. Kvar gong dei fekk høyra därleg nytt, var det vanleg at dei gjorde dette. På den måten ville dei uttrykkja sorg. Vanleg var det og at dei heldt seg frå å eta mat i fleire dagar.

I oldtida og i mellomalderen tok folk vare på desse tradisjonane og utvikla dei vidare. Særlig i tida like før faste gledde dei seg stort med mykje dans og spel og glade, lette tonar og rikeleg med mat. På fastelavenssundag tok dei lauvgreiner inn i stova og pynta greinen med ymse papirband og strimler i ulike fargar. Dei gjorde dette av di dei lengta attende til liv og ljos, vår og sommar. Etter nokre dagar sprang knoppane på riset ut. (Her i Noreg er det enno vanleg med fastelavensris.) Dei avslutta dette med ein stor fest på tysdagen. Då skulle alle smaka det beste av all mat. Det beste kjøtet kom på bordet, for no skulle dei ta farvel med kjøtet som mat på oskeonsdagen. I fastetida skulle dei leva på norsk tørrfisk og klippfisk. Desse festane kalla dei karneval, som tyder: Kjøt-farvelfest. Alle pynta seg med festlege klede og tok på seg masker og leikte gøymsel med kvarandre.

Oskeonsdag fekk då ein langt alvorlegare tone. Leiken og gleda vart avløyst av dagar med bøn og bot. Nettopp fastetida er ei slik tid då alle skal be og gjera bot. Som teikn på dette tek presten på seg fiolett stola utanpå den kvite prestekjolen. Meininga med denne fargen er at alle døypte no skal byrja å fylgja Jesus Kristus på lidingsvegen opp til Golgata. Prestane preikte då over stykke frå lidingssoga heilt til fyrste påskedag.

Har desse gamle skikkane noko mein-ing for oss moderne menneske i dag? Ja, så absolutt. Menneskeslektta veit i dag enno meir om godt og vondt enn nokon gong før.

No har krigsteknikarane ikkje berre laga øydeleggjande atomvåpen, men også livsfårlege laservåpen. Dei har gjort laserstråla så sterkt at det ikkje nyttar å verna seg med ymse slag metall for å overleva. Abortpilleren er eit døme på korleis lækjarvitsskapen og den farmasøytsiske industrien har utvikla død og drap av alt nytt liv hjå menneskeslektta. I dag ser vi at det vil koma store skaderverknader av desse tiltaka. Utan abortpilleren har fødselstalet her i Noreg minka med 15-20 000 kvart år sidan 1968. Det er rimeleg å tru at fødseletala vil verta enno lågare når abortpilleren vert vanleg i bruk. Framstega med datamas-kinar har heller ikkje løyst arbeidsløysa blant store samfunnsgrupper, men tvert om vore ei årsak til denne auken i år-beidsløysa.

Difor treng vi fastetida. Difor treng vi å gjera bot og be Jesus Kristus om nåde og tilgjeving i dag og. For når vi berre har vor opptekne av å nyta og ikkje villa yta noko, fører det berre til synd og ulukke for heile landet og folket vårt. Difor skal vi gjera bot og be om nåde og tilgjeving. Om vi no i fastetida künne drukne synda når vi vedkjerner oss ho i vår bøn til Jesus, og av all kraft og makt venda oss til Han som er vår frelsar, domar og herre og våga å tru på han, -ville kan henda Gud enno ei stutt tid la fred og fridom vera hjå landet og folket vårt.

Inge Christian Meidell.

## Borna og nattverden

---



I dei seinare åra har det vorte meir og meir vanleg at born tek del i nattverden. Nattverden er innstifta av Jesus for at den kristne kyrkjelyden skal få møta han i brødet og vinen. Difor er nattverden óg ei gave til borna.

Ingen av oss kan fullt ut forstå det som skjer når vin og brød delast ut: Vi får hauste frukta av det som skjedde då Jesus døydde i staden for oss. Men sjølv om vi ikkje kan forstå alt med vår tanke, kan vi likevel få ta imot. Det kan borna óg - ja, kanhende ikkje minst dei kan ta imot gåvane frå Herren i tru og tillit.

6-7 år er tilrådd som ei nedre grense for å ta del i nattverden. Barnet kan då fatta noko av det rike innhaldet i nattverden. Og dei kan godt skjøna skilnaden på dette nattverds måltidet og andre måltider.

Førestenaden for at borna vert med, er at dei ønsker det sjølv. På førehand lyst dei få førebu seg og få vita kva nattverden går ut på. Ein samtale med presten vil mange gonger vera til hjelp både for foreldre og born, og bør normalt finna stad. Det normale er óg at borna kjem til nattverden saman med ein voksen.

Dersom borna er for små, eller der som dei ikkje ønsker å ta del i nattverden, kan dei likevel vera med fram. Presten vil då lysa ei velsigning over barnet.

Kjell Arne Norum

## ER SPEIDING NOE FOR DEG?

Som dere sikkert vet, har vi startet opp en speidergruppe for gutter på Stanghelle. Vi er tilsluttet Norges Speider forbund.

Friluftsliv og fellesskap er stikkord i speidingen. Det aktive friluftsliv, med speiderturer og leirvirksomhet, gir deg muligheter til å oppleve fellesskap og naturglede. Godt vennskap utvikles når speiderne gjennom egne aktiviteter lærer å klare seg selv under mange slags forhold. Sammen utforsker de naturen, samtidig som de lærer å ta vare på den. Fellesskapet opplever du blant jevnaldrende speidere i vår gruppe.

Speidingen er også en internasjonal bevegelse med vennskap over landegrensene. Det gir muligheter for utenlandsturer og annen kontakt med speidere fra mange land.

Hjem kan bli speider? Stanghelle speidergruppe har åpent for gutter i alderen 10 år og oppover. Vi møtes i eller ved Stanghelle bedehus hver tirsdag kl. 18.00. Vi har også planer om å starte opp for småspeidere (ulvunger) om torsdagene fra kl. 17.30 til 18.30 i Stanghelle bedehus.

Norges speider forbunds målsetting er å utvikle medlemmene til selvstendige og ansvarsbevisste mennesker ved

## SKRIFTEMÅLET - ei gave frå Gud

OM TUSENER OG ATTER TUSENER AV VERDENER VAR MINE, SÅ VILLE EG LIKEVEL HELLER MISSA ALT DETTE ENN Å LA EIT EINASTE, SJØLV DET ALLER MINSTE STYKKJE AV DETTE SKRIFTEMÅLET KOMA UT AV KYRKJA.

Det var Martin Luther som sa desse orda om skriftemålet. Han gjekk ofte til skrifte, og ráda andre til å gjera det same. Men dverre er ikkje skriftemålet så mykje nytta i dag. Det er leit, for her er det mykje å henta.

### Kva er eit skriftemål?

A gå til skrifte vil eigentleg seia å sanna sine synder for Gud medan eit anna menneske hører på. Det kan vera ein prest som lyttar. Eller ein annan kristen som du har tillit til. I nærvær av dette mennesket fortel du om ting du har gjort gale. Kan henda det er synder du har falli i gong på gong. Kan henda det er noko du har vanskeleg for å tru at Gud kan tilgje deg.

På grunnlag av denne vedkjenninga vil den som tek imot skriftemålet, forkynna Guds tilgjeving for deg. For Jesus tok òg di synd på seg.

### Kvifor gå til skrifte?

Bibelen seier: "Sanna då syndene for kvarandre og be for kvarandre."

Skriftemålet er ei hjelp til å tru tilgjevinga frå Gud. Den som skrifter, får til sagt forlating for syndene direkte til seg. Difor vert resultatet av skriftemålet ofte økt pågangsmot og glede. Det vert lettare å leggja plagsomme minne om gamle nederlag ifrå seg.

Vidare gjev skriftemålet hjelp i kampen mot synda. Det gjev hjelp til å vinna over freistinger.

### Er det vanskeleg?

A gå til skrifte er eigentleg særskilt. Men det hender jo at det kostar ein del likevel! Det er ikkje alltid så lett å utlevere seg til eit anna menneske.

Når eg sjølv har gått til skrifte, har det hendt at eg har grua veldig på førehand. Di større vart befriinga når eg fekk høyrta sjelesørgarens ord: "Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegner tilseier eg deg nådig forlating for alle dine synder, i namnet åt Faderen og Sonen og den Heilage Ande."


Skriftemålet har gjeve meg nokon av dei beste (og mest lærerike) opplevelingar eg har hatt som kristen

Kjell Arne Norum

- å tilby dem et treningsprogram med vekt på friluftsliv, samfunnsengasjement, internasjonal forståelse og opplevelse av speideridealene.
- å gi dem medbestemmelse og ansvar
- å hjelpe dem til en kristen tro. Medlemmer som tilhører en annen religion, utvikler sin tro innen dette religionssamfunn.

Gutter fra hele kommunen er velkommen til oss. Påmelding og nærmere informasjon kan fås ved henvendelse til

Lars Kristian Helming,  
Postboks 21,  
5273 STANGHELLE. tlf. 59 52 15



ALLE ER VELKOMMEN  
Med speiderhilsen  
Stanghelle speidergruppe

## Vi noterer oss ...

### Kristenruss – besøk

Kristenrussen i Hordaland vil i år nyta delar av russetida si til å reisa rundt for å samle inn pengar til eit misjonsprosjekt. Ei gruppe frå Sotra vidaregåande skule vil vitja vårt prestegjeld. Pengane går i år til det arbeidet som Det norske misjonsselskap driv i Thailand.

Thailand har berre ein halv prosent kristne. NMS var det første lutherske misjonsselskap i Thailand. Arbeidet starta i 1976.

Saman med Det finske misjonsselskap og Den evangelisk lutherske kirke i Hong Kong har NMS danna "Lutheran Mission in Thailand". Fleire thailendarar er døypte. Målet er å byggja oppkyrkjelyder slik at ei nasjonal luthersk kyrkje kan dannast.

Thailand er nesten dobbelt så stort som Noreg. Buddhismen står sterkt i landet. Heile 94% av dei 46 millionane, som bur der er buddhistar.

Misjonsselskapet satsar på litteraturspreiing og radioevangelisering. Til saman er det 20 misjonærar i "Lutheran Mission in Thailand", og av desse er 9 NMS-misionærar.

#### REISERUTA I VAKSDAL VERT SLIK:

- 2.mars kl.19.30 Vaksdal Bedehus
- 3.mars kl.19.30 Stanghelle bedehus
- 4.mars kl.19.30 Dale kyrkje
- 5.mars kl.20.00 Nesheim kyrkje
- 6.mars kl.18.30 Stamnes bedehus

Kristenrussen har med seg bysekretær Helge Ekeland som talar på turneen.

### Salmekveld på Stamnes

Søndag 22.mars kl.17.00 vert det Salmekveld i Stamnes kyrkje. Der vert song av Stamnes damekor og Ungdomskoret. Organist Thor Michelsen syter for musikken, og Kjell Arne Norum vert med.

### Lyrikk / Bibel / Salmekveld i Dale kyrkje

Torsdag 26. mars kl.18.00 vert det Lyrikk-/Bibel-/Salmekveld i Dale kyrkje. Ragnvald Kringlebotten les lyrikk og Bibeltekstar. Lars Ragnvaldsen spelar, og det heile vert bundi saman med salmesong

### Bladpengar for 1987

Allting stig for tida, - utanom talet på betalande abbonantar. Vi seier oss leie for at bladpengane må aukast, men skal dette bera seg, må vi be om å få 50 kroner for dette året. Ver venleg og nytt postgiroblanketten som fylgjer med dette bladet med ein gong - før du gløymer det. Så kan du lesa kyrkjebladet med godt samvit i heile 1987!

ToMaN

### Barneforeningen Solglint

vil takke alle som var med og gav gaver til adventsfesten vår 30. nov.-86. Vi fikk inn mellom 9 og 10.000 kroner, og det er det meste barneforeningen har fått inn på basarer i alle år. Det er penger som blir delt på Santalmisjonen og Det norske misjonsselskap. Det går direkte til misjonen, og pengene er sendt, og vi har fått takkebrev tilbake.

Så er det vel noen som har hørt at vi ønsker oss litt strikkegarn, restegarn, broderitråd, stoff o.s.v. Der som det er noen som har slikt liggende, så ta kontakt med oss. For vi har bruk for altslikt nå når vi skal ta fatt og lage nye ting.

Ja, barneforeningen har jo ingen inntekter, og er det noen som ønsker å gi en gave til "Solglint", så på forhånd takk!

Så ønsker vi at det må bli et godt år. Det er plass til mange flere barn i alderen 6-12 år. Vi har barneforening annenhver tirsdag kl.16.30-18.00 i prestebustaden på Vaksdal. Neste møte er 24. februar.

Vi har også bruk for litt hjelp av voksne av og til. Så er det noen voksne som har en eller to tirsdager i måneden ledig, var det fint.

Til dere som er nyinnflyttet til Vaksdal, ønsker vi også velkommen, både små og store.

Husk også på oss i bønn! "La de små barn komme til meg, hindre dem ikke for himmelriket hører slike til". Matt.19,14.

Hilsen lederne  
Torgunn Ellinor Knutsen ( 59 73 40 )  
og Rut Fossberg



### Ny salmebok i Bergsdalen

I Bergsdalen har den nye salmeboka vore nytta på prøve dette første året. Men på eit soknemøte etter gudstenesta 1. februar vart det samråystes vedteke å ta i bruk den nya boka f.o.m. 1987. Ein saknar rett nok nokre av dei mest brukte nynorske salmane. Men for å bøta på dette kan ein ønskje seg eit tilleggshafte til salmeboka.

**KIRKENS NØDHJELP**  
Postboks 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 Oslo 3, Tlf. (02) 46 39 70  
Postgiour. 5 2014 05. Bankgiour. 530

### OPEN SAMTALEGRUPPE

MÅNDAG 2. MARS KL. 19.30 I STANGHELLE BEDEHUS.

EMNE: "HVORDAN SKAPE FRED?"

## SLEKTERS GANG

### Døypte



#### DALE

21.12 Kristoffer Klever

#### STAMNES


13.12 Stine Jakobsson Bjørkheim  
13.12 Cecilie Gjøsæter Simmenes

#### EIDSLAND

28.12 Gunn Marie Vika

#### VAKSDAL

07.12. Nils Adrian Mugaas  
07.12. Hege Erstad



## KIRKENS SOS

Er du i en vanskelig  
situasjon og har behov  
for noen å snakke med?  
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra  
kl. 19.00 til 07.00



### Avlidne



#### DALE

22.11 Ingeborg Rolland  
25.11 Margoth Berge  
13.12 Dag Inge Frøland  
15.12 Andrine Strømme  
26.12 Lars R. Brunborg  
07.01 Asbjørn Angeltveit  
09.01 Adolf Yven  
21.01 Nils Vedå

#### STAMNES

27.11 Einar Solhaug  
05.12 Josefine Grøsvik  
07.01 Olav Strømme

#### EIDSLAND

24.12 John Arnold Carlsen

#### VAKSDAL

27.11. Borghild Kjesæth  
02.12. Arnt Bernhard Elvik  
31.12. Georg Melcher  
28.01. Leofred Knutsen  
30.01. Katinka Moe  
06.02. Kristi Jamne



## VELKOMEN TIL KYRKJE

1.mars-Sundag før faste(Fastelavn)  
BERGSDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd.  
STAMNES kl.19.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
Offer til Norsk Luthersk Misjonssamb.

#### Onsdag 4.mars (Askeonsdag)

DALE kl.19.30 Fåstegudsteneste  
v/Meidell og Helge Ekeland. Nattverd.  
Offer til kristenrussens misjonspro-  
sjekt. Kristenrussen fra Sotra vidare-  
gående skule vert med.

#### 8.mars - 1.sundag i faste.

NESHEIM kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.  
Offer til Hjemmenes Dåpsring.  
VAKSDAL kl.18.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

#### 15.mars - 2.sundag i faste.

DALE kl.11.00 v/rk.Norum.Offer til  
Norges Kristelige Ungdomsforbund.  
STAMNES kl.11.00 Familiegudsteneste  
v/sp.Meidell.Utdeling av "Vi går i  
kyrkja til 1.klassingane og Mi Kyrkje-  
bok" til 4-åringane.Offer til IKO.

#### 22.mars - Maria bodskapsdag.

VAKSDAL kl.11.00 Familiegudsteneste  
v/rk.Norum.Utdeling av "Vi går i kyrkja"  
til 1.klassingane.  
EIDSLAND kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.  
Offer til Soknerådsarbeidet.

#### Fredag 27.mars

STANGHEL kl.19.00 Fastegudsteneste  
v/sp.Meidell.Nattverd.

## Har du bil?

Ta andre med deg  
når du kører til  
kyrkje!!!



29.mars - 4.sundag i faste (Midtfaste)  
BERGSDALEN kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.  
Offer til Santalmisjonen.  
EKSINGEDEALEN kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
Offer til Dronning Mauds Minne.  
DALE kl.19.00 v/rk.Norum.Nattverd.  
Offer til Santalmisjonen.

5.april - 5.sundag i faste.  
VAKSDAL kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.  
Offer til Menighetsfakultetet.  
STAMNES kl.11.00 v/rk.Norum.Innsamling  
av fastebøsser.Offer til Kirkens Nødhjelp.  
Samtale om preiketeksta etter gudstenesta.

12.april - Palmesundag  
NESHEIM kl.11.00 Familiegudst. v/Norum.  
Innsamling av fastebøsser.Offer til  
Kirkens Nødhjelp.  
STAMNES kl.19.00 v/sp.Meidell.Nattverd.  
BERGSDALEN kl.13.00. Sportsandakt  
v/sp.Meidell.



Teikning med kristne symbol, av He  
Huibin, kvinneleg teologistudent ved  
Nanjing Teologiske Seminar.

No kjem

## salmeboka i hendig format

I meir enn eit år har Norsk Salmebok vore brukt i kyrkjelydane, og ho har utan tvil gjeve fornying til salmesongen i kyrkja.

Salmeboka er ei fin bok, men mange har sett fram mot den dagen då dei kunne få ei salmebok i mindre format. No er den dagen kome.

I november fekk vi tre ulike utgåver i mindre format, seier produksjonssjef Klaus Erik Krogh i Verbum Forlag.

Alle dei tre bøkene er i storleiken 9,5 x 14,5 cm og får god plass i ei lomme eller veske når ein er på kyrkjeveg. Dei nye bøkene har det same oppsettet som i den store standardutgåva.

Skoleutgåva har eit solid mjukbind med fargefoto på framsida. Prisen er 70 kroner.

Semiluxutgåva har stive permær i kunstskinn, som i standardutgåva, og vert ei vakker bok til rimeleg pris: 150 kroner.

Luxusutgåva har skinnbind og gullsnitt og vert ei fin gåvebok, til dømes til konfirmantar. Prisen er 290 kroner.

### Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:  
Inge Christian Meidell  
tlf. 59 61 20

Res. kap.:  
Kjell Arne Norum  
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin  
friday!  
Kontorassistenten kan treffast  
på kontoret på Dale måndagar  
kl 10-13, tlf. 59 61 20



#### SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har  
stoff til neste nummer.  
Frist for innlevering av stoff  
er 25. mars.

Tove Margrete

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 50.- (eller meir)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese